

**Saksframlegg**

Saksbehandlar: Lisa Marie Hillestad Ålsberg, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 19/12392-1

**Endringar i budsjettet for 2019**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

**A. Det vert gjort slik endringar i driftsbudsjettet for 2019**

- 1 Statlege overføringar vert auka med 0,764 mill. kr
- 2 Renteinntekter vert auka med 36,500 mill. kr. Avsetting til disposisjonsfond vert auka tilsvarande.
- 3 Budsjetterte kapitalinntekter- og utgifter vert fordelt slik:
 

Renteinntekter:	46,800 mill. kr
Renteutgifter:	55,000 mill. kr
Avdrag:	91,157 mill. kr
- 4 Budsjettert utgifter til pensjon vert auka med 3,050 mill. kr
- 5 Teneste 4210 Bygg og eigedomsforvaltning vert redusert med 1,200 mill. kr
- 6 Teneste 4800 Juridisk honorar og rettssaker vert redusert med 2,600 mill. kr
- 7 Teneste 5101 Vedlikehalde av skulebygg vert auka med 1,200 mill. kr
- 8 Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 0,570 mill. kr
- 9 Teneste 5611 PP-tenesta vert auka med 0,930 mill. kr. Bruk av disposisjonsfond vert auka med 0,360 mill. kr.
- 10 Teneste 7011 Kommunikasjonsteknologi vert auka med 0,860 mill. kr
- 11 Teneste 7012 Bransjeretta satsingar vert auka med 1,250 mill. kr
- 12 Teneste 7015 Nyskaping vert redusert med 2,310 mill. kr
- 13 Teneste 7019 Andre næringsområde vert auka med 0,200 mill. kr
- 14 Samla vert driftsbudsjettet saldert med avsetting til bufferfondet med 0,314 mill. kr

**B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2019**

- 15 Prosjekt NY237 Flora idrettssenter vert auka med 0,800 mill. kr. Bruka av fond vert auka med 0,640 mill. kr og mva refusjon vert auka med 0,160 mill. kr
- 16 Prosjekt FV722 Flovegen vert redusert med 20,000 mill. kr.
- 17 Endeleg finansieringsprogrammet for fylkesveggar vert slik:

<b>Finansiering</b>	<b>Endeleg budsjett 2019</b>
Førdepakken - bompengar	7,700
Førdepakken mva. komp	6,400
Førdepakken lånemidlar	20,800
Føresett mva. kompensasjon	35,913
Fondsmidlar	141,230
Låneopptak	0,000
Unytta lånemidlar 2018	27,770
Statleg tilskott - skredsikring	199,736
For mykje utbetalt 2018 - skredsikring	0,384
Føresett mva. kompensasjon, skredsikring	45,511
<b>Sum</b>	<b>485,444</b>

**Vedlegg:**

1. Søknad frå Singerheimen
2. Søknad frå Fortidsminneforeningen
3. Søknad frå Vik IL v/ Ski- og Skiskyting

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

Som varsla i fylkesrådmannen sin budsjett rapport pr. 2. tertial 2019 vil det vere naudsynt å gjere viss justeringar i fylkeskommunen sitt budsjett også i desember 2019. Dette er i samsvar med vanleg praksis i fylkeskommunen.

### **1. DRIFTSBUDSJETTET**

#### **1.1 Fylkesskatt og statlege overføringar**

##### Havbruksfondet

Havbruksfondet vart oppretta i 2016 og er administrert av Fiskeridirektoratet. 24. oktober 2019 blei det kjent at Sogn og Fjordane fylkeskommune får utbetalt 0,764 mill. kr frå dette fondet no i 2019. Det er ingen bindingar frå staten på korleis fylkeskommunen skal bruke desse inntektene, dvs. det er frie midlar.

Fylkesrådmannen tilrår å auke budsjetterte inntekter frå staten med 0,764 mill. kr.

#### **1.2 Kapitalinntekter- og utgifter**

Fylkesrådmannen har fullmakt til å sjå ev. endringar i renteføresetnadane, både for kapitalinntektene- og utgiftene, mot avsetjing til gjeldssanering det enkelte budsjettår. Det er så langt ikkje gjort nokon endring knytt til dette i 2019. Fylkesrådmannen vil no fastsetje det endelege nivået på kapitalinntekter/-utgifter for 2019.

##### Renteinntekter

I budsjettet er det lagt opp til ein snittlikviditet på 600 mill. kr ved berekning av renteinntekter til driftsføremål. Overskytande renteinntekter skal i følgje budsjettføresetnadane avsettast på bufferfondet og nyttast til investeringsføremål.

Som varsla i tertialrapport 2/19 har fylkesrådmannen no gjort eit anslag på dei samla renteinntektene ut frå faktisk likviditet i 2019. Prognosen syner at samla renteinntekter vert om lag 46,8 mill. kr. I høve budsjetterte renteinntekter vert dette ein auke på 36,5 mill. kr. Fylkesrådmannen vil i tråd med gjeldande budsjettføresetnadar auke budsjetterte renteinntekter med 36,5 mill. kr, med ei tilsvarande avsetjing til bufferfondet.

Endeleg nivå på budsjetterte kapitalinntekter- og utgifter for 2019 vert fordelt slik:

Renteinntekter:	46,800 mill. kr
Renteutgifter:	55,000 mill. kr
Avdrag:	91,157 mill. kr

#### **1.3 Pensjonsforpliktingar – uttrede SF revisjon IKS**

Som varsla i tertialrapport 2/19 må fylkeskommunen betale sine pensjonsforpliktingar i høve uttreden av SF revisjon IKS i 2019. For verksemdar som er tilslutta avtale om overføring og samordning av pensjonsrettigheitar (overføringsavtalen), skal det i samband med avvikinga krevjast ein eingongspremie for forventa tilleggspremie til sikringsordninga. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin del utgjer om lag 3,050 mill. kr.

Fylkesrådmannen tilrår difor å auke budsjetterte utgifter til pensjon med 3,050 mill. kr

#### **1.4 Politisk styring, plan og forvaltning**

##### Teneste 4800 Juridisk honorar

Prognosen for juridisk honorar syner eit mindreforbruk på 1,4 mill. kr, der 1 mill. kr er knytt til SFE-saka. Vidare har Sogn og Fjordane fylkeskommune motteke om lag 1,200 mill. kr i refusjon av saksomkostningar frå BKK.

Samla tilrår difor fylkesrådmannen at budsjettet for juridisk honorar vert redusert med 2,6 mill. kr.

#### **1.5 Opplæring**

##### Omprioritering mellom teneste 4201 bygg og eigedomsforvaltning og 5101 Vedlikehald av skulebygg – teknisk endring

I tertialrapport 2/19 vart løyvinga til kommunale avgifter plassert på feil teneste. Dette vert no retta opp med ei teknisk justering ved at teneste 4201 vert redusert med 1,2 mill. kr og at teneste 5101 vert auka tilsvarande. Fylkesrådmannen beklagar feilen.

##### Etablering av rettleiingstenestene for dei vidaregåande skulane

I Vestland fylkeskommune er det lagt opp til ei tettare oppfølging av elevane, og rettleiingstenestene vert etablert med fysisk plassering i Sogndal, Førde og Eid i dagens Sogn og Fjordane. Det er behov for å legge til rette for denne lokaliseringa i 2019, i form av kjøp av utstyr og inventar, slik at lokala er klare ved inngangen til 2020. Fylkesrådmannen tilrår at teneste 5611 PP-tenesta vert auka med 0,930 mill. kr knytt til utstyrskjøp til rettleiingstenestene.

Fylkesrådmannen tilrår å finansiere dette slik:

- omdisponere 0,570 mill. kr frå teneste 5210 utdanningsprogramma
- nytte resterande fondsmidlar til omstilling innan opplæring på 0,360 mill. kr.

#### **1.6 Næring og kultur**

I tertialrapport 2/19 vart det løyvd 2,31 mill. kr på teneste 7015 Nyskaping. Dette var unytta KMD-mildar frå tidlegare år. Fylkesrådmannen opplyste i oktobersaka til FT at midlane ville bli fordelt på relevante tiltak i budsjettsaka i desember.

Fylkesrådmannen tilrår no følgjande fordeling av løyvinga:

Teneste 7012 Bransjeretta satsingar vert auka med 1,25 mill. kr, med slik fordeling:

- 0,4 mill. kr til kostnader knytt til NorFishing (fiskerimessa) i 2020
- 0,3 mill. kr til Njøs Næringsutvikling til prosjektet «Mobilisering av auka produksjon av frukt og bær i Sogn og Fjordane». Dette er eit treårig prosjekt, og søknaden gjeld støtte for det tredje året – 2020. Fylkeskommunen har tidlegare løyvd til saman 0,6 mill. kr til prosjektet.
- 0,25 mill. kr til Nærøyfjorden Verdsarvpark til prosjektet «Vandring og verdiskaping i Verdsarvparken». Dette var i utgangspunktet eit treårig prosjekt (2016-2018) som no er utvida med eitt år, og søknaden gjeld støtte for det fjerde året – 2019. Fylkeskommunen har tidlegare løyvd i sum 0,45 mill. kr til prosjektet.
- 0,3 mill. kr til Solund kommune. Kommunen har søkt om midlar til ein verdiskapingsanalyse der dei ønskjer å sjå på kva effektar ei mogleg flytting av ekspressbåtstoppen frå Krakhella til Hardbakke vil gje. Ein vil og vurdere kva effektar ferjeavløysingsprosjektet «Ytre Steinsund bru» vil ha for kommunen.

Teneste 7019 Andre næringsområde vert auka med 0,2 mill. kr. Løyvinga skal nyttast til å finansiere søknadar i 2020 på tilskotsordninga LivOgLyst. Dette er eit bygdeutviklingsprogram som i 2020 også vil inkludere søkjarar frå dagens Sogn og Fjordane.

Det resterande beløpet på 0,86 mill. kr vert tilrådd nytta til ytterlegare breibandutbygging, og Teneste 7011 Kommunikasjonsteknologi vert auka tilsvarande.

#### **1.7 Saldering**

Med dei endringar som er omtalt i punkta 1.1 – 1.6 overfor er det 0,314 mill. kr til disposisjon. Fylkesrådmannen tilrår at dette beløpet vert avsett til bufferfondet.

## **2. KAPITALBUDSJETTET**

### **2.1 Investeringsprogrammet for bygg**

#### Flora idrettssenter

FT vedtok i sak 41/18 kjøp av Flora idrettssenter. Prosjektet omhandlar gjennomføring av sjølve ervervet og planlegging/gjennomføring av naudsynte bygningsmessige og tekniske oppgraderingar. Overdraginga er gjennomført og fleire tiltak pågår og er planlagt ferdigstilt i 2020. I prosessen har det kome fram at det er naudsynt med oppgradering og utskifting av noko kritisk utstyr for både drift og opplæring. Dette er ikkje kalkulert inn i det opphavlege prosjektet og gjeld t.d. utstyr knytt til reinholdsmaskiner og sikringsutstyr i styrkerom og i idrettshallar. Fylkesrådmannen tilrår at løyvinga til investeringsprosjektet vert auka med 0,8 mill. kr i 2019.

Fylkesrådmannen tilrår at tidlegare avsette midlar på fond innan opplæring, 0,640 mill. kr, kan omdisponerast til dette, samt mva-refusjon, 0,160 mill. kr, vert nytta som finansiering.

### **2.2 Investeringsprogrammet for fylkesveggar**

#### Flovegen

Løyvinga i 2019 for Flovegen vert nedjustert med 20 mill. kr. Grunnlaget for dette er forseinka framdrift. Prosjektet er auka tilsvarande i investeringsprogram 2020 i Vestland fylkeskommune.

#### Retting av finansieringsprogrammet etter tertialrapport 2/19

I tertialrapport 2/19 vart det ved ein inkurie ikkje teke utgangspunkt i vedteken finansieringsplan for fylkesveginvesteringar. Dette har ført til at den finansieringsplanen fylkestinget vedtok i FT-sak 49/19 er feil. Dette vil fylkesrådmannen no rette opp med å tilrå ei justering på samla 27,770 mill. kr mellom finansieringskjeldene fondsmidlar, låneopptak og unytta lånemidlar 2018.

Samla medfører endringane over at investeringsprogrammet for fylkesveg vert redusert med 20 mill. kr knytt til forseinka framdrift på Flovegen. Det endelege finansieringsprogrammet for veginvesteringar vert slik:

<b>Finansiering</b>	<b>Gjeldande budsjett etter T2/19</b>	<b>Tilrådde endringar</b>	<b>Endeleg budsjett 2019</b>
Førdepakken - bompengar	7,700		7,700
Førdepakken mva. komp	6,400		6,400
Førdepakken lånemidlar	20,800		20,800
Føresett mva. kompensasjon	35,913		35,913
Fondsmidlar	164,800	-23,570	141,230
Låneopptak	4,200	-4,200	0,000
Unytta lånemidlar 2018		27,770	27,770
Statleg tilskott - skredsikring	216,025	-16,289	199,736
Før mykje utbetalt 2018 - skredsikring	0,384		0,384
Føresett mva. kompensasjon - skredsikring	49,222	-3,711	45,511
<b>Sum</b>	<b>505,444</b>	<b>-20,000</b>	<b>485,444</b>

## **3. ANDRE SAKER**

### **3.1 Planlagt leiarutviklingsprogram**

Men utgangspunkt i at Sogn og Fjordane er inne i ei tid med store omstillingsbehov/ moglegheiter har Sogn og Fjordane Næringsråd og Framtidsfylket invitert til eit nytt leiarutviklingsprogram over to år med oppstart hausten 2019. Fylkesrådmannen har tidlegare orientert FU om dette.

Fylkesrådmannen vil no orientere om at dette programmet diverre ikkje vert sett i gang i år pga. litt for få påmelde. Frå fylkeskommunen si side var det påmeldt 4 deltakarar til ein kostnad på 0,540 mill. kr. Denne utgifta vil vi ikkje få i og med at programmet ikkje vert gjennomført.

### **3.2 Oppfølging av særskilte tilskotsvedtak**

Fylkesrådmannen vil her kort orientere om status for nokre særskilte tilskotsvedtak:

Bratt Moro AS – utvikling og etablering av kunnskapscenter skred, 2,25 mill. kr

Vi er framleis i prosess med søkar for å avklare forhold knytt til krava som er stilte i vedtaket om fullfinansiering og statsstøtteregelverk. Vi har tru på at ein får avklart problemstillingane i løpet av 2019.

Njøs Næringsutvikling - Infrastruktur ved Njøs Eigedom som grunnlag for drift av Norsk (Njøs) Frukt og bærcenter, 6 mill. kr

Det står framleis att nokre avklaringar m.a. knytt til kostnadsgrunnlag og statsstøtteregelverk.

Njøs Næringsutvikling fekk eit mindre tilskot enn det dei søkte om. Når vi vurderer krav til oppfylling av vilkår om fullfinansiering, vil vi legge til grunn at prosjektet vert gjennomført i tråd med intensjonane i søknaden. Dette føreset at Graminor flyttar jordbærforedlinga til Njøs.

Njøs Næringsutvikling har jobba vidare med finansiering av eit anlegg med kostnad om lag på 20 mill. kr. Totalbudsjettet i søknaden var 32 mill. kr. Søkjar meiner likevel at ein kan få opp eit tenleg anlegg for den summen. Slik vi ser det blir intensjonane og dei aspekta som er viktige for fylkeskommunen sitt tilskot gjennomført. Vi reknar difor prosjektet som fullfinansiert.

Lærdal Grønt - Ny infrastruktur og ny felles organisering for frukt- og bærneringa i Sogn og Fjordane, 15 mill. kr

Det står framleis att avklaringar mellom anna knytt til kostnadsgrunnlag og statsstøtteregelverk.

Lærdal Grønt fekk eit mindre tilskot enn dei søkte om. Når vi vurderer oppfylling av vilkår om fullfinansiering, vil vi legge til grunn at prosjektet vert gjennomført i tråd med intensjonane i søknaden. Det vil vere avgjerande at aktørane faktisk forpliktar seg som tenkt, og at prosjektet vil bli eit stort felles fylkesløft.

Dei tre pakkeria har etablert eit prosjekt som skal jobbe vidare med samanslåingsprosessen. Slike prosessar er tidkrevjande. Det mest kritiske er kanskje å få alle produsentlaga med, og å få inn nok ekstern finansiering til at einskildprodusentane ser økonomi i det. Det er difor viktig å gje dei tid til å få eit skikkeleg vedtaksgrunnlag, og arbeide med forankringa i organisasjonane. Dei jobbar godt og grundig med eit komplekst prosjekt. For å sikre naudsynt forankring så kjem ikkje endeleg samanslåingsvedtak før ut på nyåret.

Nordfjordeid Næringshage AS – Fjordane Virtuelle Campus, 8 mill. kr

Alle avklaringar er gjort og det vil bli sendt ut tilskotsbrev til mottakar i løpet av november månad.

Årdal Teknologipark AS, 12,5 mill. kr

Det har vore ein god dialog med søkjar og ekstern jurist for avklaring av statsstøtterettslege forhold. Vi forventar å sende ut tilskotsbrev til mottakar i løpet av november månad.

Musea i Sogn og Fjordane - Fellesmagasin Ramstad, 20 mill. kr

I framlegg til statsbudsjettet for 2020 er det forslått å løyve 40 mill. kr til fellesmagasinet i Angedalen i Førde, med ei delutbetaling på 8,3 mill. kr i 2020. Først når statsbudsjettet vert vedteke kan musea endeleg stadfeste at prosjektet er fullfinansiert.

Vitensenteret i Sogn og Fjordane, 2 mill. kr

Det vart gitt eit tilskot på 2 mill. kr. til delfinansiering av eit program for installasjonar ved Vitensenteret i Sogn og Fjordane. Det vert framleis jobba med avklaringar knytt til statsstøtteregelverket, men vi forventar å skrive tilskotsbrev i løpet av 2019.

Måløy Marine Ressurssenter, 15 mill. kr

I budsjettet for 2019 er det ei løyving på 15 mill. kr. til Måløy Marine ressurscenter (MMR). Føresetnaden for løyvinga er at den er innanfor regelverket for statsstøtte og at det ligg føre ei fullfinansiering av prosjektet med deltaking frå næringslivet.

Vi har bedt søkjar om ein oppdatert søknad som gjer at vi får tilstrekkelege opplysningar til å gjere vurderingar opp mot statsstøtteregelverket, og vi må ha ein oppdatert finansieringsplan.

Det mest aktuelle for oss er å støtte ein forskingsinfrastruktur i MMR. Vi ser føre oss at ekstruderlina er den forskingsinfrastrukturen vi ynskjer å støtte. Vi har ikkje motteke oppdatert søknad enno, men har signal om at den skal kome om kort tid. Grunnen til at ein ny søknad har teke tid er innhenting av prisar på ekstruderlina, og vidare arbeid med finansiering.

Fjordsenteret Marheim i Fjærland, 2 mill. kr

Det vart gitt eit tilskot på 2 mill. kr av ein søknadssum på 40 mill. kr og eit anslått totalbudsjett på 110 mill. kr. Arbeidet med eit igangsett forprosjektet skal avklare avgjerande føresetnader for gjennomføring av prosjektet. Tilskotsbrev vil først bli vurdert når forprosjektet er gjennomført og det er utarbeidd ei oppdatert projektskisse og budsjett som kan vurderast opp mot mellom anna statsstøtteregelverket.

Campus Førde Verftet , 15 mill. kr

Selskapet er etablert og vi forventar å få søknaden frå selskapet om kort tid. Alle naudsynte avklaringar kring tilskotet er her gjort.

Flora fotballhall, 10 mill. kr

Når det gjeld Flora fotballhall har anlegget vore gjennom fleire rundar med reguleringsplanar. Når det gjeld avfallshandtering av blyhaldig masse er dette framleis uavklart med Fylkesmannen. Prosjektet har fått godkjend spelemiddelsøknad med søknadssum på 13 mill. kr, men er ikkje prioritert for løyving enno. Løyvinga frå fylkestinget i juni 2018 står ved lag til juni 2021.

**3.3 Nye søknadar**

Fylkesrådmannen har nyleg motteke følgjande søknadar om tilskot:

- Singerheimen søker om 0,440 mill. kr til vedlikehald og istandsetting til museumsdrift
- Fortidsminneforeningen søker om 0,250 mill. kr til forstudie Servicesenter Hopperstad stavkyrkje
- Vik IL v/ Ski- og Skiskyting søker om 0,150 mill. kr NM i skiskyting 2020 i Vik

Fylkesrådmannen har ikkje hatt høve til å vurdere desse søknadane. Søknadane følgjer som vedlegg 1-3.

I høve søknaden frå Vik idrettslag om tilskot til å arrangere NM i skiskyting vil fylkesrådmannen vise til vedlegg 1a i FU-sak 94/19 som syner oversikt over tilskot til nasjonale/internasjonale idrettsarrangement i inneverande valperiode.